

sett  
frå KYRKJETÅRNET

13. søndag i treeiningstida

## Ver førebudde!

Luk 12, 43-48

Teksten er ei likning om hushaldarar. Den eine hushaldaren er trufast og klok, og gjer det husbonden vil. Han får både ros og ei høgare stilling. Den andre er dårleg og upåliteleg. Han drikk seg full, og slær tenestegutane og tenestejentene. Han seier med seg sjølv at det går lenge før husbonden kjem att. Men husbonden kjem uventa tilbake, og hushaldaren får ei streng straff.

Kva kan vi lære av dette? Eg kjenner meg i alle fall ikkje att i den som drikk seg full og skapar seg galen. Men appellen som Jesus formulerer slik: Ver førebudde, for de veit ikkje kva tid kva tid Herren kjem att, den gjeld oss alle.

I den andre trusartikkelen står det: «- skal koma att derifrå for å døma levande og døde.» Det har vore tider då tanken om Jesu gjenkomst har vore sterkt framheva i forkynninga. Mange har gått i angst for denne dagen. Og mange har spurt seg kva ein skal gjere for å vere best mogeleg førebudd. Vi kan tenkje på Selma Lagerlöfs si bok «Jerusalem» der ho fortel korleis ei gruppe svenskar slo seg ned i Jerusalem for å vere til stades der Jesus skal kome igjen. Mange har vore opptekne med endetidsteikn, og prøver å rekne seg tida for Jesu gjenkomst. Desse reknestykka har hittil alle slege feil. Eitt av dei siste endetidsteikna er at jødane fekk sin eigen nasjon etter krigen, men også det tek til å bli lenge sidan. Det gjeld til ei kvar tid å ha si sak med Gud i orden, og leve sitt normale liv.

Det blir fortalt at Martin Luther ein gong fekk spørsmålet: «Eg ville plante eit tre i hagen» svara Luther.

Ivar Lotsberg

## 13. søndag i treeiningstida

## Kollektbøna for dagen:

Evige Gud, himmelske Far, all god og fullkomen gåve kjem frå deg. Gjev oss å tena deg med truskap og bruka gåvene dine til gagn for nesten vår, så du kan kjennast ved oss som gode hus-

haldarar når vi ein gong skal gjera rekneskap for det vi har fått, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, éin sann Gud frå æve og til æve. Amen.

## I helga

## Volda kyrkje:

- \* Familiiegudsteneste
- \* Føremiddagstid
- \* Utdeling av "Kyrkjeboka" til 4-åringane
- \* Takkoffer til IKO – Kyrkjeleg pedagogisk senter
- \* Tenestegjerande: kateket Constanze Lindner; prest Evy Kvamsdal og kantor Bert Handrick

## Dalsfjord kyrkje:

- \* Familiiegudsteneste
- \* Føremiddagstid
- \* Utdeling av "Kyrkjeboka" til 4-åringane
- \* Takkoffer
- \* Tenestegjerande: prest Svein Kvamsdal og organist Erlend Koppen

## Kilfjord kyrkje:

- \* Familiiegudsteneste
- \* Føremiddagstid
- \* Utdeling av "Kyrkjeboka" til 4-åringane

- \* Takkoffer til Redd Barna
- \* Tenestegjerande: prest Kjell-Roger Isene og organist Morten Bollerud

## Volda kyrkje:

- \* Gudsteneste
- \* Ettermiddagstid, sjå annonse
- \* Innsetjing av ny prost i Søre Sunnmøre, Ingeborg Matre
- \* Deltaking av ulike medarbeidarar, lokalt og frå prostiet
- \* Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet
- \* Utdeling av gåvene frå natt
- \* Tenestegjerande: biskop Ingeborg Midttømme og kantor Bert Handrick
- \* Kyrkjekaffi med noko program på Uppheim etter gudstenesta

## Ekspert på ballbingar

I eit restaurert og oppussa stabbur på Driveklepp held firmaet Sport Vest AS hus. Her pønskar dei to tilsette ut stadig nye idear om ballbingar og kunstgras.

Eldar Meek og Frank Vidar Andersen har jobba med ballbingar sidan 2003, då i firmaet Sportsystemer i Ørsta. Då firmaet gjekk konkurs i 2010 kjøpte dei opp maskiner og utstyr og satsa for seg sjølve.

– Vi har vore med på det meste, og utviklinga har vore stor dei siste åra, fortel eigar Eldar Meek.

## Sikkert vårteikn

– Den første plassen det er grønt om våren, det er inni ballbingen, seier Frank Vidar Andersen og ler. I tillegg til jobben i Sport Vest, jobbar han også som førskulelærer. Ein god kombinasjon, meiner han.

– Dotter mi starta på skule i haust, og eg tenker at eg ønskjer det beste for ho. Eg vil at ho skal få vener, at ho skal kjenne seg trygg og at ho skal meistre ting. No har vi lansert mini-ballbingen for dei under 10 år. Denne vil gi ho og andre på hennar alder desse tinga. Det er ein arena for læring, meistring, trygge rammer, og gode mulegheiter for å knyte vennskap, seier Andersen engasjert.

## Eigne montørar

I tillegg til små og store ballbingar, sel dei to kunstgrasbaner i alle storleikar. Dei står for sal og tilrettelegging, og så har dei eigne montørar som utfører dei største jobbane. Som ein kuriositet fortel Andersen at montøren deira i Birmingham var han som laga til grasmatta i barne-TV serien Teletubbies.

– Vi sel til heile Noreg, men det



\* Eldar Meek og Frank Vidar Andersen frå Sport Vest AS. Meek har pussa opp det gamle stabburet ved garden på Driveklepp, og der har dei to no kontor.

er kort veg til landegrensene også. Men vi ser også viktigeita av å selje til lokale. Dersom dei brukar oss, vil vi kunne støtte dei seinare,

seier Meek.

✉ JANNE-MARIT M. FALCH

## Nytilsett pedagogisk konsulent

Lene Nupen er nytilsett pedagogisk konsulent på skuleavdelinga i Volda kommune.

Nupen har tidlegare arbeid som lærar i Volda kommune, dei siste seks åra på Øyra skule. Lærarutdanninga tok Nupen på Høgskulen i Volda, der ho var student i 1992-1996. Seinare har ho mellom anna teke vidareutdanning i Rettleiing/Mentor. Rettleiing er for tida eit satsingsområde for Volda kommune. Rundt 60 av lærarane i Volda-skulen vil det komande året fylgje dette vidareutdanningsprogrammet, som er eit tett samarbeid med Høgskulen i Volda.

Arbeidsoppgåvene som pedagogisk konsulent er varierte. På skuleavdelinga arbeider ein i team. Nupen har i samarbeid med skulesjefen eit særleg ansvar for saker som gjeld spesialundervisning, særskild norskopplæring, norsk og samfunnsfag og innvandrarar, norsk for asylsøklarar, eksamen, kompetanseutvikling, kultursekken, planlegging av og innkalling til skuleleiarmøta, pedagogisk utviklingsarbeid på skulane og skulevurdering.



\* Lene Nupen, nytilsett pedagogisk konsulent på skuleavdelinga. Foto: Bente Engeseth.